

Referat Forsking og utdanningsutvalet for Fakultet for helse- og sosialviteskap

Tilstade:

Alice Kvåle (leiar) , Liv Heidi Magnussen, Ole Bjørn Rekdal, Christine Øye, Frode Fadnes Jacobsen, Margreth Grotle, Trine-Lise Dræge Steinskog, Marit Graue (vara), Ingrid Eggen, og Kjersti Gausvik (referent)

Fråfall:

Hanne Kristin Tuntland (vara), Marit Eva Solheim (vara)

Dato og stad:

Onsdag 4.april, Campus Bergen, Kronstad

1/18 Gjennomgang av utkast til mandat for utvalet.

Utkastet til mandat for FoU-utvalet vart gått gjennom nøye. Kommentrane til utkastet er skrevet inn i mandatet. Utkastet til mandat vart vedtatt med følgjande tilleggs merknad:

Merknad:

Samansetning: Sjå på samansetning av utvalet i løpet av vårsemesteret 2018 på grunn av låg representasjon av tilsette frå Sogn og Fjordane. Vurder vidare om sentera kan få større representasjon og vurder om tillitsvalte skal vera med i utvalet.

Mandatet med endringar er vedtatt av FoU-utvalet. Endeleg mandat er vedlagt referatet. Revidert mandat vert behandla av FHS si leiing 10. april.

2/18 Fordeling av smådriftsmidlar:

FoU-utvalet ynskjer ikkje ein flat fordeling av smådriftsmidlar til forskargruppene, då forskargruppene som eksistera per no variera i størrelse og aktivitetsnivå.

Ein arbeidsgruppa ser på kvaliteten på rapportane frå forskargruppene og lager ei innstilling i forhold til innhaldet i rapportane. Kommisjonen lagar ei tredeling av rapportane i forhold til lav, middels og høg kvalitet/aktivitet. Ein ser på alle aspekta i rapportane som til dømes, antall medlemmer, publisering, formidling, studentinvolvering, ekstern forskingsfinansiering med meir. Denne løysinga blir førelagt fakultetsleiinga tysdag 10.april

Arbeidsgruppa består av: Frode Fadnes Jacobsen, Alice Kvåle og Ole Bjørn Rekdal. Christine Øye kjem med sine innspel.

Arbeidsgruppa lagar ei forslag til fordelinga av midlane som presenterast til FHS leiinga og FoU-utvalet. Endeleg fordeling blir vedtatt i neste FoU-utvalsmøte.

3/18 Kriteria for forskargruppe

Alle 28 forskargrupper som er knyta til FHS har fått tilsendt skjema for rapportering av forskingsaktiviteten i gruppene per 2017. Ikkje alle har levert rapport. Desse er purra på.

FoU-utvalet ser det som ein nødvendigeheit at ein ser på forskargruppene sine roller og funksjonar. Det er satt i gang eit arbeid på fakultetet, med mellom anna i møte 5.april for forskargruppeleiarar. Saken blir tatt opp i FoU-utvalet i juni.

4/18 Rekrutteringsstillingar (ph.d-stillingar)

HVL har 84 KD-stillingar. Desse skal fordelast på ph.d-programma til HVL. Det skal til ei kvar tid vera 15 KD-stipendiatar på ph.d.-programmet til FHS, og minimum fem skal i samsvar med NOKUT sine krav utekseminerast kvart år frå det nye ph.d-programmet på FHS.

For tida føregår ein gjennomgang kva tid dei enkelte stipendiatane blir ferdig. Ein må kartlegga kor mange stipendiatstillingar ein alt har i løp, dette må gjerast før ein lyser ut ny stillingar. Ledige stipendiatstillingar blir sannsynlegvis lyst ut fortløpande.

NOKUT vurderer for tida søknaden om oppretting av nytt ph.d.-program for FHS. FHS håpar på svar frå NOKUT på søknaden tideleg hausten 2018.

5/18 Orientering om årets FoU-søknader og prosess vidare.

Om lag 180 tilsette ved FHS har søkt FoU-tid og dette betyr at om lag 150 tilsette ikkje har søkt FoU-tid. Kommisjonen har mottatt søknadane. Kommisjonen vil ha innstillinga klar 10.april. Forslag til fordeling av FoU-tid blir gjennomgått av instituttleiarar og FHS-leiinga. Endeleg fordeling blir fremma til FoU-utvalet 8.mai.

6/18 Tidspunkt for møte i FoU-utvalet våren 2018

Tysdag 8.mai kl 14:30-16:30

Tema på møte vil vera handsaming av FoU- kommisjonen si vurdering og fordeling av smådriftsmidlar, samt resultat av FoU-tid fordeling.

Fredag 22.juni kl 11:00-14:00

Tema på møte vil vera forskningsetikk, NOKUT sin tilbakemelding på søknaden om ph.d.program og samkjøring av forskargruppene.

7/18 Ymse:

Tema som FoU- utvalet ynskjer å ta opp på eit seinare tidspunkt:

- Karriereplanlegging for tilsette. Korleis skal FHS jobba systematisk med karriereplanlegging for tilsette?
- Kriteria for opprykk i stillingar. FoU-utvalet vil sjå på om det skal lagast egne retningslinjer på fakultetsnivå i forhold til opprykksøknadar som supplere dei nasjonale retningslinjene.

Alle medlemene i FoU-utvalet får sakspapir og innkalling. Berre fastemedlemar stiller på møte. Ein er sjølv ansvarleg for å varsle sin faste vara om ein ikkje kan delta i møte.